



KVA SKJER I BYGLAND? Oktober 2020



Byglandsnytt nr.14 – oktober 2020

	ARRANGØR; STAD	TID	ARRANGEMENT
VEKE 40	Bygland/B-fjord oppvekstsentre		HAUSTFERIE
onsdag 30.09.	Bygdekinoen; Bygland kulturscene	kl. 17.30	Film: Knutsen og Ludvigsen 2 – Det store dyret
		kl. 19.30	Film: After we collided
sundag 04.10.	Bygland kyrkje	kl. 11.00	Gudsteneste
	Austad kyrkje, Tveit	kl. 13.00	Dåpsgudsteneste til inviterte
torsdag 08.10.	LMT Setesdal; Bygland kulturscene	kl. 17.00 – 19.00	Motivasjonsforedrag – betre helse med fysisk aktivitet (Bygland)
tysdag 13.10.	LMT Setesdal; Valle Sæbyggjen	kl. 18.00 – 20.00	Kurs: Sov godt – lær meir om søvn, del 1
fredag 16.10.	Folkebiblioteket i Bygland; direktestrøyming frå Det Norske Teateret	Kl. 11.00	Forfattar Maja Lunde i samtale
		Kl. 12.00	Musikal <i>Bienes historie</i> av Maja Lunde
sundag 18.10.	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 16.00	Gudsteneste med konfirmasjonspresentasjon
	Bygland filmklubb; Bygland kulturscene	kl. 17.00	Film: The Goonies (1985); 12 år
		kl. 19.30	Film: Predator (1987); 18 år
torsdag 08.10.	LMT Setesdal; Valle Sæbyggjen	kl. 17.00 – 19.00	Motivasjonsforedrag – betre helse med fysisk aktivitet (Valle)
måndag 26.10.	Bygland bygdekvinneleg; Pakkbua, Byglandsfjord	kl. 19.00	Årsmøte 2020
tysdag 27.10.	LMT Setesdal; Valle Sæbyggjen	kl. 18.00 – 20.00	Kurs: Sov godt – lær meir om søvn, del 2

Bygland hornmusikk: Øving på Bygland kulturscene, tysdagane kl. 18:30: 06., 13., 20. og 27. oktober

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, post@bygland.kommune.no
Neste utgåve: 2. november - Send tips om arrangement til post@bygland.kommune.no innan 29.10.
 Bygland kommune si heimeside er: www.bygland.kommune.no

Politiske møte, sakspapir og protokollar: www.bygland.kommune.no/innsyn

Rådet for eldre og funksjonshemma: 26.10. kl. 12.00; Bygland ungdomsråd: 26.10. kl. 15.30; Plan, miljø- og ressursutvalet: 27.10. kl. 13.00; Formannskapet: 28.10. kl. 13.00

Opningstider Bygland kommunehus

Publikumsmottak: måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00

Legkontor: Vanlege opningstider (sjå eige punkt)

NAV: tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00; rettleiingssentret på Bygland er ope for besøk utan avtale på torsdagar kl. 12.00-14.00.

Sommartid sluttar: 25. okt 2020

Natt til søndag 25. okt 2020, kl 03.00 stiller vi klokka ein time tilbake frå sommartid til normalt tid




Korona: Meld frå om du er i karantene!

Alle som er i karantene i høve dei nasjonale retningslinene må melde frå til kommunen. Ha klart følgjande informasjon:

- Kvar har du vore? Kva tid kom du tilbake til Noreg?
- Navn, alder, kjønn, telefonnummer
- Har du symptom?

E-post: jorunn.tveiten@bygland.kommune.no


Telefon (i tida 08:00 - 14:00): 911 10 075



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

UDs globale reiseråd forlenges

Område som er omfatta av karantene ved innreise til Noreg frå 26. september 2020. Regjeringas råd er å unngå alle ikkje-nødvendige reiser til utlandet. Raud farge = høg smittespreiing og du må i karantene ved innreise til Noreg. Gul farge= auka risiko, du må ikkje i karantene ved innreise til Noreg, Rød farga skravert = ikkje evaluert eller ikkje tilstrekkeleg data om smittespreiing, du må i karantene ved innreise til Noreg. Noreg er merkt grått på kartet fordi det ikkje er gjenstand for vurdering av råd for internasjonale reiser. Illustrasjon: Folkehelseinstituttet



Drift og Forvaltning

Produksjonstilskot og avløyartilskot i jordbruket - del 2

Andre søknadsfrist for søknad om produksjons- og avløyartilskot i 2020 er 15. oktober. Du kan søkje fr.o.m. 01.10., som er telledatoen. Landbruksdirektoratet ønskjer at ein er tidleg ute med å søkje.



Søknadsfristar

Søknad om produksjons- og avløyartilskot i jordbruket har to søknadsfristar i året. I oktober er det både planteproducentar, husdyrproducentar og føretak med bikuber som kan søkje

- Du kan levere søknaden frå og med 1. oktober, som er telledato
- Søknadsfristen er 15. oktober
- Du kan endre opplysningar i innlevert søknad i 14 dagar etter at søknadsfristen har gått ut, fram til 29. oktober
- Du kan levere søknaden inntil 14 dagar etter søknadsfristen, dvs fram til og med 29. oktober, men tilskotsutbetalinga blir då redusert med 1000 kroner for kvar dag fristen er overskriden

Meir informasjon finn du på heimesida vår: www.bygland.kommune.no

Bygland filmklubb: Program haust 2020 – søndag 18.10., Bygland kulturscene

kl. 17.00



THE GOONIES (1985)


Inngang: kr. 50,-

Aldersgrense: 12 ÅR

PREDATOR – DEN USYNLIGE FIEUDE (1987)

Inngang: gratis og kun for medlemmer
Aldersgrense: 18 ÅR

kl. 19.30



Tømekalender for Bygland kommune – oktober 2020

Papir og plast: veke 41: tysdag 06.10.

Matavfall og glass/metall: veke 41: torsdag 08.10.

Matavfall og restavfall: veke 43: torsdag 22.10.

Nesmoen Gjenvinningsstasjon: open kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (14.10.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (24.10.)

Syrteveit: Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (10.10.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS

e-post: post@smg-iks.no heimeside: www.smg-iks.no, tlf.: 37 93 17 00

Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 14:

Bilete: Framside: Karjol ved Nørstebø i Jordalsbø/Malin Hegenscheidt, Innhald: pixabay.com, Jørund Kvaale Hansen, Nina Rosland Haraldsen, Susanne Hegenscheidt, Valborg Attestog, Det Norske Teateret, Anne Fauske, Bygdekinoen, Steinar Mjåland, Bygland filmklubb. Red.notat: V. Attestog; Kva skjer: J.K. Hansen Tusen takk til alle fotografane!



*Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Mari Rygg
Neste utgåve Byglandsnytt: 02. november 2020*

Bygland filmklubb



Styret i Bygland filmklubb: bak: Live Kvaale Haugaa, Nina Bygland, Runar Granheim, Olaf Håkon Tørresen; front: Oddbjørn Berg. Foto: Steinar Mjåland

Bygland Filmklubb er endelig i gang att, og selvfølgelig med godkjent smittevernplan på våre framsyninger. Den 20.9 starta me opp att, med visning av Convoy frå 1978. Da måtte vi jo få opp ein amerikansk lastebil til Bygland, samt foredrag om Mack Trucks og Quiz som ramme rundt visninga. 44 personar tok turen for å sjå film med oss!

Me er en filminteressert gjeng, som starta filmklubb i Bygland 5.11.2019, 5 personar i styret og 3 ressurspersonar. Som registrert klubb og medlem av Norsk Filmklubb Forbund, kan me syne filmar på kulturscenen. All offentlig framsyning av film, krever at ein betalar rettigheter til det selskapet som eig filmen. Alt arbeid i klubben er friviljug.

Ved å bli medlem i klubben så bidreg du til at me kan syne film, då som oftast litt eldre klassikarar, til ein billeg penge. Medlemskap pr. i dag kostar 150,- i året og aldersgrense 18 år. Medlemskap kan du kjøpe på alle våre visningar. Medlemskap for 2021 vil nok også omfatte ungdom og vi begynner å opparbeide en god økonomi, slik at medlemmer og får meir fordelar.

Me viser primært filmar for eit vaksent publikum, men innimellom sett me opp filmar retta mot barn og unge.

Me ynskjer å bidra til kulturlivet i bygda, samt utnytte den flotte kulturscenen som Bygland Kommune har fått på plass!

Du kan fylgje oss på facebook, søk på Bygland Filmklubb, der legg me ut informasjon om vår/haust programmene samt arrangement for kvar enkelt vising.

Velkomen til Bygland filmklubb!

Tekst: Oddbjørn Berg

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Informasjon vedk. familiebadning

Det blir diverre **ikkje** oppstart av familiebadning etter haustferien. Dette grunna koronasituasjonen. Vi vil opne for det så fort det er forsvarleg utifrå smittevernet.



Kulturlandskapsdag i Bygland

Kvart år inviterer Fylkesmannen i Agder til kulturlandskapsdag for Agder-kommunane. I år var arrangementet 25. august, og det vart til gjennom eit godt samarbeid med Bygland kommune. I strålende vêr fekk landbruksbyråkratar sjå gamle bygningar og flott landskap på Skore og i Åraksbø.



Økonomi og næring

Statlege tilskot til næringsfond i samband med Covid-19-pandemien

Bygland kommune har fått løyvt kr 722.000 i ekstra næringsfond frå staten i samband med koronapandemien.



Dersom du ønskjer å søkje om tilskot til bedrifta, eller prosjektet ditt, logg inn på <https://regionalforvaltning.no/> for å søkje. NB: Du må registrere brukar før du kan sende søknad.

Kriteria for måloppnåing er:

- Utvikling i sysselsetjing og talet på arbeidsplassar
- Utvikling i verdiskaping og økonomisk aktivitet

Midla skal nyttast til bedriftsretta stønad og til andre næringsretta tiltak som er viktig for å motverke negative verknader av koronavirusutbrotet.

Ordninga blir administrert av kommunen si næringsgruppe, som innstiller til formannskapet der endeleg vedtak om tilskot vert fatta.

Søknader vil bli behandla fortløpande. Forretningsplan må leggjast ved søknaden.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Kontaktperson er: Stabsleiar økonomi og næring, Knut Olav Forgard, e-post: knut.forgard@bygland.kommune.no

Prosjektleiar i Setesdal Vekst, Siri Lande (e-post: setesdalvekst@gmail.com), kan være til hjelp med å fylle ut forretningsplan mv.

Informasjon om overføring av skatteoppkrevjaroppgåver

Frå 1. november 2020 overtar Skatteetaten ansvaret for skatteoppkrevjaroppgåvene som kommunen har i dag



Skatteetaten vil med dette få eit heilheitleg ansvar for fastsetting, innkreving og kontroll av skattar og avgifter. Etter denne datoen vil skatteoppkrevjaren for Bygland ikkje lenger vere på Evje.

Meir informasjon vil bli lagt ut på <http://www.skatteetaten.no>

Oppgåvene som blir overført til Skatteetaten i november er m.a. behandling av restskatt, skattepengar til gode, tilleggsforskot, forskotstrekk, arbeidsgjevaravgift, motrekning og utleggstrekk knytta til skattekrav, skatteattestar og konto-/saldoutskrift for skatt og avgift.

Helse

Bygland legekontor Sentrum 18, 4745 Bygland Tlf. 37 93 47 30 Fax. 37 93 47 31	Byglandsfjord legekontor Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord Tlf. 37 93 47 30 Fax. 37 93 52 42
Bygland legekontor	
måndag	09.00 – 15.00
tysdag	09.00 – 15.00
onsdag	stengt
torsdag	09.00 – 15.00
fredag	stengt
Byglandsfjord legekontor	
onsdag	09.00 – 15.00
fredag	09.00 – 15.00

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Filmframsyning

Bygdekinoen (bygdekinoen.no) – **onsdag 30.09.**, Bygland kulturscene

Film 1: kl. 17.30 – Knutsen & Ludvigsen 2 - Det Store Dyret

OMTALE

Livet går på vanlege måte i tunnelen til Knutsen, Ludvigsen og Grevlingen. Eit liv med song, syltetøy og vennskapeleg småkjekling. Men ein dag får dei besøk av den strenge Konduktøren som vil kasta dei ut. Tunnelar er for tog, ikkje menneske. Men Knutsen & Ludvigsen får ein idé: bestefaren til Knutsen, den legendariske sjørøvaren Kaptein Knutsen kan jo ordna opp! Men kvar er han?

BILETTPRIS: 100 kr

FILMFAKTA

Regi: Rune Spaans, Gunhild Enger

Språk: norsk; Produksjonsår: 2020; Nasjonalitet: Noreg

Sjanger: Norsk /Animasjon /Familiefilm /Barnefilm; Lengde: 1t. 18min.

Aldersgrense med grunngiving: Tillate for alle.



Film 2: kl. 19.30 – After we collided

OMTALE

Endeleg kjem fortsetjinga på fanfiction-filmatiseringen av After på kino! Klarer Tessa og den mystiske Hardin å handtera kjenslene for kvarandre? Vil Hardin klara å vinna tilbake Tessas tillit? Josephine Langford og Hero Fiennes Tiffin er tilbake i hovudrollene i denne romantiske filmen.

After-filmene er basert på bok-serien av Anna Todd, som opphavleg oppstod som ein fanfiction om den tidlegare One Direction-artisten Harry Styles.

BILETTPRIS: kr. 120,00

FILMFAKTA

Regi: Roger Kumble; Skodespelarar: Josephine Langford, Hero Fiennes Tiffin

Språk: Engelsk; Produksjonsår: 2020; Nasjonalitet: USA; Sjanger: Drama / Romantikk;

Lengde: 1t. 45min; Aldersgrense: 12 år.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Bygland Frivilligsentral

KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral

tlf.: 945 10 770 - Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no

Frivilligsentralen og covid 19

Kommunelegen har bedt Frivilligsentralen om å vere restriktive når det gjeld aktiviteter vi arrangerer. Det er sagt at ein venter til Haustferien, og vil ta ei ny vurdering då. Me håper at smittesituasjonen har endra seg då, slik at den tillet nokre fleire aktiviteter i haust.



Me kjører framleis ut middag to gonger i veka, og har følgeteneste. Me har også fått godkjenning på enkeltarrangement med menneske som ikkje er i høgrisikograppa.

Me fortset med å halde **Utstyrssentralen** open. Her har me gode rutinar som hindrar smittespreiing. **Telefon Utstyrssentralen: 945 02 858**

Motivasjonsforedrag – «Betre helse med fysisk aktivitet»

LMT Setesdal inviterer til frisklivskurs i Setesdal. Foredraget har ein praktisk og ein teoretisk del. Den blir arrangert i Bygland og Valle.



Påmeldingsfrist: 1. oktober (Bygland) og 15. oktober (Valle)

Påmelding til: 379 34 700 (Sentralbordet i Bygland kommune)

Bygland kulturscene: torsdag 8. oktober, kl. 17.00-19.00

Valle Sæbyggjen: torsdag 22. oktober, kl. 17.00-19.00

Kurshaldarar: Anne Fauske og Margit Smedsland.

Tilbodet er til personar i alle aldrar som har auka risiko for, eller allereie har utvikla sjukdom. Kurset vil gje deg kunnskap om målet med å trene styrke og uthald. Verkemidlar for å finne og auke motivasjonen til å gjennomføre trening. Kurset vil og ha ein praktisk del der vi går gjennom ulike øvingar og tilpassar desse individuelt.

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Sov Godt - lær meir om søvn

Ambulant frisklivstilbod i Setesdal arrangerer helsekurs: **Sov Godt** - kurs for deg som har utfordringar med søvn.



Påmelding til tlf. 37 93 23 00 (Servicekontoret i Evje og Hornnes kommune), **frist: 6. oktober**

Tid for **Sov godt**-kursa: 13. og 27. oktober frå kl. 18:00 - 20:00

Stad: Valle, Sæbyggjen, Kyrkjestoga

Kurshaldarar: Mari Haugen Abusland og Hege Haukom

Informasjon om kurset

Kurset er utarbeidd av psykologar tilknytta helsedirektoratet. Kurset inneheld 2 samlingar og blir leidd av lokale kursleiarar frå Setesdal. Tilbodet er ope for alle i alderen 16 år og oppover.

Mange kan oppleve søvnevanskar, som t.d. slite med å sovne om kvelden, vakne for tidleg om morgonen, sove uroleg og/eller oppleve at ein vaknar mange gonger i løpet av natta.

Kurset er teoretisk, og er egna for alle som opplever at søvnevanskar går ut over kvardagen. Etter påmelding vil du få ein telefon frå ein av kursleiarane for att dei kan sikre seg at kurset passer dine behov.

Tema som vil bli tatt opp:

Søvn og søvnevanskar, avslappingsteknikkar, gode råd for betre søvn, søvndagbok, forestillingar om søvn

Samlingane inneheld både presentasjon av fakta og erfaringsutveksling.

Pleie og Omsorg

Pårørandeskolen

Gratis, nettbasert kurstillbod til deg som har eit familiemedlem eller ein nær venn som har hukommelsesproblem/eller ein kjent demenssjukdom. Personen kan bu heime eller på institusjon.



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Gjennom faglege nettførelingar vil du få auke kunnskap om demens, og innsikt i kva følgjer sjukdomen kan ha for personar med demens, deg som pårørende og øvrige familie.

HER kan du finne informasjon om kursa, praktisk informasjon og påmeldingsinformasjon:

<https://www.bygland.kommune.no/paaroerandeskolen.6333539-522036.html>

Arrangør: LMT Setesdal – Lokalmedisinske Tenster

Kursen starter 06. oktober med temaet «De ulike demenssykdommene» v/ Hallvard Mosdøl, kommunelege i Valle

Kultur

Maja Lundes *Bienes historie* i direktestrøyming på Bygland folkebibliotek 16.10.

Maja Lunde sin suksessroman, *Bienes historie*, har vorte musikal.

Grunna koronasituasjonen, med få publikummarar i salen, har Det Norske Teateret valt å direktestrøyme nokre framsyningar denne hausten, bl.a.

Bienes historie.

Fredag 16. oktober frå klokka 11.00 kan de oppleve framsyninga på Bygland folkebibliotek. Meld frå til Mari Rygg på biblioteket eller til sentralbordet i Bygland kommune innan tysdag 6. oktober om du/de vil vere med på dette. Framsyninga er gratis.

kl. 11.00: Samtale mellom forfatter Maja Lunde og litteraturagent Annette Orre
kl. 12.00 Musikal *Bienes historie* av Maja Lunde. Framsyninga varar i omlag 2t og 20 min (med pause)

«Ei fengande musikaloppleving og ein livsviktig budskap», skreiv *Vårt Land*.



Lesetipps frå biblioteket i «gamle dagar»

Kom innom no, så får de sjå om det har forandra seg noko!

Helsing Mari på biblioteket



Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117

Oppvekst

I veke 40 er det haustferie! 😊

Skulen starter opp att måndag 5. oktober.

Bygland kommune ønskjer alle elver og

skuleansatte **GOD FERIE!**



Flaskeinnsamling til Polenturen i 2022

Tysdag 6. oktober er det klart for flaskeinnsamling som 9 kl. skal ha til Polenturen i 2022. Elevane kjem rundt i heile Bygland kommune frå ca kl 17.00 og utover ettermiddagen. Vi set stor pris på om du har flasker til oss. Er du ikkje heime, kan du sette de lett synlege utanfor inngangsdøra.



TUSEN TAKK TIL ALLE SOM BIDREG TIL TUREN VÅR!

Helsing 9. klasse med føresette

Kyrkjene i Bygland

Gudstenester

sundag 04.10. kl. 11.00 Bygland kyrkje, Bygland

Dåpsgudsteneste (berre for inviterte)

sundag 04.10. kl. 13.00 Austad kyrkje, Tveit



Gudsteneste med konfirmasjonspresentasjon

sundag 18.10. kl. 16.00 Årdal kyrkje, Grendi



Kyrkjekontoret i Bygland

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472, Kyrkjevjerje: Olav Nilsen: 982 99 711,

Prostidiakon: Per Emanuelson: 977 19 173

Brann: 110 – Politi: 112 – Ambulanse: 113 - Legevakt: 116 117